



KYRKJENYTT

for Vossabygdene



Fasteaksjonen

30. og 31. mars er det på nytt fasteaksjon i vossabygdene, med innsamling av midlar til Kirkens Nødhjelp. Les om eit av prosjekta deira på **side 4**.

T-dagar

Denne gongen er det bilete frå T1 Babysong og T10/T11 Kristuskransen. Har du forresten prøvd deg på oppgåvene på Barnesida? **Sidene 9-12**.

Kirkens Bymisjon på Voss

Kirkens Bymisjon har etablert seg på Voss, førebils med to prosjekt: I jobb og Skattkammeret. Du kan lesa meir om dei på **side 7**.

DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP

T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,
Signe og Marie
Fleischer

DET ER NOE
MED FLEISCHER’S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON
FOR STORSLAGNE
BEGIVENHETER

FLEISCHER'S
HOTEL

ANNO
1864

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no



Kyrkjekontoret:

Kontortid: mån-fre kl 9-15, onsdagar 10-15
Uttrågt. 5, pb 49, 5701 Voss
Telefon 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no, post.voss@kyrkja.no
konto.nr. 3480.16.45293
Kyrkjeverje Svein Tøsse
959 79 905
e-post: ST545@kyrkja.no
Ass. kyrkjeverje Åslaug Styve Mjånes
408 53 537
e-post: AM574@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe Kharazmi
952 98 681
e-post: AK649@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik
995 18 194
e-post: CS222@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
952 62 025
e-post: RS625@kyrkja.no
Diakon Sigrid Djukastein Mala
478 49 134
e-post: SM435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Vetle Leksbø
Tlf. 947 93 477
e-post: VL555@kyrkja.no
Kantor Astrid Gjestvang
958 56 414
e-post: AG678@kyrkja.no
Organist Frode Vik
952 62 084
e-post: FV586@kyrkja.no
Organist Vossestrand Ellen Marie Selland Geithung
980 64 594
e-post: EG395@kyrkja.no
Kyrkjetenar Bolstad Anny Forthun
418 36 520
Kyrkjetenar Evanger June Mykkeltvedt
Kyrkjetenar, Voss Thomas Velsvik
414 75 383
Kyrkjetenar Oppheim/Vinje Kjell Kr. Øyre
416 29 786
Gravar Vidar Bryn 996 00 940
Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne
918 74 201
Kontormedarbeidarar: Idunn Holen, Lene Brunborg
og Randi Kløve

Prestetenesta:

Kyrkjekontoret på Voss, Uttrågata 5
tlf sentralbord 56 52 38 80
Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
906 99 533
e-post: AH539@kyrkja.no
Sokneprest i Voss Anders Hove
414 68 493
e-post: AH657@kyrkja.no
Sokneprest i Ulvik/Granvin
Magnar Haaland
415 46366
e-post: MH977@kyrkja.no
Sokneprest i Vinje/Oppheim/Raundalen
Cato Torsvik
974 23 459
e-post: RT682@kyrkja.no
Prostiprest Arnulf Sandvik
416 75 658
e-post: AS794@kyrkja.no
Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode Kvamsøe
901 96 514
e-post: fk796@kyrkja.no
Soknerådsleiarar:
Evanger: Nora Mykkeltvedt 952 79 970
Voss: Bjørg Helland 938 56 326
Oppheim: Monica Gudrun Hansen 957 58 204
Vinje: Ståle Hirth 950 84 902
Raundalen: Johnny Lemme 401 82 912
Granvin: Sigvor Melve Schrey 911 32 608

Kyrkjenytt utgjeve av:

Voss Kyrkjelege Fellelsråd saman med Evanger,
Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin
sokneråd

Besøksadresse:

Kyrkjekontoret, i Uttrågata 5
Postadresse: Pb. 49, 5701 Voss
Epost: kyrkjebladet@voss.kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293
Telefon (red.) 915 98 410

Redaksjonsnemnd:

Heidi Hisdal, Anne Marie Haugen, Gunn Horvei,
Eva Kløve, Einar Melve og Arne Mosefinn (red.)

Grafisk produksjon:

Voss Prenteverk. Opplag: 7550 eksemplar

Neste nummer:

Neste nr. kjem ut i veke 21.
Frist for innsending av stoff er 22. april.

Framsidedilete: Påskemotiv frå veggmålinga
i Granvin kyrkje. Foto: Arne Mosefinn



Faste

Av Jan-Ove Nordvik

Som liten gutt overnattet jeg titt og ofte hos min Farmor og Farfar. Farfar var vel en mann av få ord, byggmester og ansvarlig for en liten arbeidsstokk, så ble han når jeg var barn en snill, god og rolig mann. Farmor derimot snakket, hun sang og hun snakket. Min farmor var aktiv i misjonen i Fana på 70 tallet og hennes gudstro var sterk.

Når jeg overnattet hos dem, så var det alltid uten unntak aftenbønn og en sang eller tre. Jeg vet en deilig have var en fast sang om jeg ikke husker feil, det samme var Kjære Gud jeg har det godt. Gode og ikke minst trygge minner å tenke tilbake på nå som jeg sitter her og skriver.

Nå forti-femti år senere er jeg selv blitt bestefar. Bestefar til to jenter. Jeg ser de heldigvis ofte men de bor på Os og jeg på Vossestrand så når jeg nå er med de så faller det naturlig at jeg følger de til tannpuss og en natta-sang eller to. Rart, men de samme sangene går igjen nå så mange år senere selv om en Torbjørn Egners natta-sang også blir sunget.

Hva har så dette med faste-tiden og gjøre? Både mye og lite litt etter som vi ser det. I dag, med Iphoner, nettbrett og fjernsyn døgnet rundt, også for de minste om vi voksne ikke begrenser det, så blir faktisk fasten viktig, veldig viktig.

Fra starten av var Fasten ukene fram til Påske, 40 dager. Slik Jesus forberedte sitt virke i ørkenen i 40 dager. Men trukket fra er søndagene da søndagene er feiringen av Jesu oppstandelse og aldri har vært en del av fastetiden. Fasten i «gamle dager» handlet mest om å faste fra mat og drikke, men det er vel ikke så vanlig i dag.

Hvis vi leser om disiplene i den første kirken når de skulle forberede seg til noe, så besto den forberedelsen ofte av faste og bønn. Forberedelse handler om å ha et fokus på noe spesielt. En måte å holde dette fokuset på, er å faste, altså avstå fra noe slik at man gir plass til det man skal fokusere på. Så jeg tenker at det som kan være en meningsfull faste for de fleste av oss er å jobbe litt med å skifte fokuset bort fra oss selv, og i stedet ha fokus på Gud gjennom bønn, og på menneskene rundt oss.

For de små og egentlig for oss voksne så er det viktig å stoppe opp, stoppe opp og fjerne fokuset fra dagens mas og ståk, fra staket rundt oss med telefoner, Internett og fjernsynet. Fasten i dag bør derfor være for eksempel at man Faster fra Facebook. Faster fra Instagram. Faster fra andre sosiale medier. Faster fra Netflix. Faster fra TV-en. Faster fra unødvendig mobilbruk når man er sammen med andre mennesker.

Og så kan man kanskje synge *Kjære Gud jeg har det godt* for en man har kjær. Kanskje sende en varm tanke til en man burde treffe oftere og kanskje sette av tid til bønn og litt lesing i Bibelen. På den måten så blir Fasten en tid som blir litt viktigere, litt mer innholdsrik og litt varmere.



Kila hentar vatn frå brunnen Kirkens Nødhjelp har bora i landsbyen Beseko Ilala i Etiopia.

Jenta som spring

Av Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland

Manglar dei vatn på garden, er det ti år gamle Kila som ordnar opp. Om ho ikkje er ute og spring. Ho pilar over det grøne graset. Lett i steget, barbeint og i eit flagrande skjørt. Med verdas største smil.

- Eg elsker å springe. Eg kan springe heile tida. Det gjer meg så lukkeleg.

Men ho spring ikkje berre fordi det er morosamt.

Fleire liter vatn

10 år gamle Kila Hirpo bur i ein frodig del av landsbyen Beseko, cirka fem timar sør for hovudstaden Addis Abeba. Midt på ei grøn slette ligg huset hennar omringa av ein maisåker, avokadotre, falske banantre og eukalyptustre.

Huset er bygd av leire, høy og trepinnar, og rommar ei stove og eit soverom. Det deler ho med besteforeldre, mor, to brør og ei syster.

- Eg elsker dyra våre. Kyrne som gir oss mjølk, oksane som hjelper oss i åkeren og eselet som hjelper oss med å bere.

Kvar dag hentar ho vatn både i elva og ved vassstasjonen. Den er ein av 14 som landsbyen fekk av Kirkens Nødhjelp i fjor. Då vart det bora ein 120 meter djup brønn, og det vart lagt 16 kilometer med røyr inn til landsbyen.

- Det er tungt å bere, særleg i regntida når det er så glatt å gå, forklarar ho og visar oss jerrykanna ho ber kvar dag.

Landsbyen fekk vatn i september i 2018, men før det flykta folk frå landsbyen mellom anna grunna sjukdommar dei fekk av vatnet. Takka vere reint vatn held Kila seg frisk, har vatn til matlaging, til kaffi og til dyra. Med vatnet ho hentar i elva, som tidlegare var einaste vasskjelde, vaskar ho no klede og hus.

Toppkarakterar i alle fag

Kila går i fjerde klasse, og ho er så glad i å gå på skulen at ho vil bli lærar. Det er nemleg ei smart ung dame vi har med å gjere. Ho får toppkarakter i alle fag.

- Skulen er viktig for at vi skal utvikle oss og få ei utdanning. Eg vil studere på universitetet, forklarar ho.

Når ho blir stor, vil Kila bu i ein frodig storby, kor ho skal lære bort matte.

- Eg vil at alle skal bli like glade i matte som meg, smiler ho.

Og er det for mykje stress i kvardagen, veit ho kva ho skal gjere.

- Da spring eg frå alt stresset og alle arbeidsoppgåvene mine. Det er så fint.

Avhengig av hjelp for å hjelpe

For at Kila og andre skal få reint vatn trengst det hjelp frå mange norske frivillige. Kwart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom Fasteaksjonen.

Det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å levere reint og trygt vatn i Etiopia. For Kila og tusenar av andre menneskje har dette vore livsviktig hjelp.

Også i år skal frivillige over heile Noreg vere med på å samle inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda. Du kan òg bidra når kyrkjelydane i Voss herad skal gjennomføre årets aksjon.

Her hjå oss går konfirmantane rundet med bøsser: På Evanger/Bolstad mandag 30. mars etter skuletid, på Voss tirsdag 31. mars frå kl. 1700, på Stronde tirsdag 31. mars frå kl. 1700 og i Granvin tirsdag 31. mars etter skuletid.

Ta vel imot dei når dei kjem.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Nytt frå Etiopia/Misjonsprosjektet

Det angelikanske teologiske seminaret, St. Frumentius, i Gambela har berre 15 studentar. Både gutar og jenter. Dei høyrer til 5 ulike språk og folkegrupper. NMS støttar studentane med stipend.

Ein av studentane heiter Ababa Nyoch og er 27 år gammal. Ababa er arameisk og betyr blom. Han fortel at han fekk dette namnet fordi han vart fødd ved slutten av regntida når alt står i full blom. No kallar han seg Moses. Han høyrer til ei lita folkegruppe, Opo, som bur i nokre landsbyar fleire timars køyring frå Gambela, ved grensa til Sør-Sudan. Han er den første Opo som får teologisk utdanning. "Eg kom hit for å lære om Guds ord, og for å kunna undervisa folket mitt når eg er ferdig med utdanninga", seier han. NMS støttar eit bibeloversetjingsprosjekt til Opo. Ababa er frivillig hjelper for oversetjingsteamet. Markus-evangeliet



er alt trykt i 300 eksemplar. Den første boka på Opo i historia! Etter berre få år er dei fleste Opo blitt kristne.

Be for: Dei 15 studentane ved det teologiske semianet St. Frumentius.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.



Frode Vik prøvespelar orgel. Det er mange å velja mellom. Foto:Astrid Gjestvang

Nytt orgel i Vonheim

Av Astrid Gjestvang

Vonheim er mykje nytta til gravferd i Voss sokn og blir òg nytta av andre trussamfunn. Ein vil jo gjerne at den siste avskjeden med sine kjære skal bli så god og verdig som mogleg. Men når det gamle elektroniske orgelet stadig sviktar og lyden heller ikkje når godt nok fram til dei som sit lengst bak i salen, er det ikkje alltid like lett å vere organist i Vonheim. Det gamle orgelet har tent si nytte og vel så det. Så etter lang og tru teneste i over 40 år skal me endeleg få erstatte det med eit nytt instrument.

I eit hus som Vonheim med stor aktivitet heile veka og med dører som stadig går opp og att ville det neppe fungere så godt med eit tradisjonelt pipeorgel, så det nye orgelet blir elektronisk, nett som det gamle.

Men det har skjedd ei rivande utvikling dei siste åra når det gjeld elektroniske instrument. No kan ein få digitale orgel med lyd som er tatt opp frå store flotte kyrkjeorgel, eller dei har laga dataprogram for å etterlikne dei ulike lydane som kjem ut av orgelpiper med forskjellig utforming og fasong. Riktig så fancy og moderne! Men det kling godt. Og med høgtalarar på veggen bak orgelet kjem me til å få ein heilt annan lyd i Vonheim. Me treng jo god lydkvalitet både når det er få til stades og når me fyller opp heile den store salen.

Kjøper du eit el-piano, finst det eigne butikkar for slikt, eller du kan truleg finne deg eit bra bruktinstrument. Det er ikkje heilt slik når ein skal kjøpe orgel. Det

er smått med orgelbutikkar i Noreg, men dette kan ein finne til dømes i Tyskland. Difor reiste me to organistane i Voss sokn til Kassel i Tyskland i februar for å prøve ulike instrument. Der brukte me mykje av ein dag for å prøve mange instrument av fleire orgelfabrikat. Og me fann fram til eit instrument som skulle kunne passe godt til det me treng i Vonheim.

Orgel er ikkje nødvendigvis lagervare, sjølv ikkje i eit stort land som Tyskland, så det vil bli litt ventetid medan instrumentet blir produsert. Men ein gong i juni, før ferien tek til, har me vonleg det nye orgelet på plass. Me ser veldig fram til å kunne ta det i bruk, og me håper at det blir eit godt og tenleg instrument for oss i Vossabygda i mange år framover.



Omlag slik blir det nye orgelet i Vonheim.
Foto:Astrid Gjestvang

Kyrkjestatistikk 2019

Sokn	Døypte	Konfirmerte	Vigde	Gravlagde
Evanger	11 (6)	8 (6)	0 (0)	7 (13)
Raundalen	2 (6)	2 (2)	1 (0)	2 (1)
Voss	80 (135)	125 (123)	23 (28)	88 (108)
Vinje	14 (7)	12 (20)	0 (2)	8 (4)
Oppheim	6 (5)		2 (1)	8 (8)
Sum	113 (101)	147 (151)	25 (31)	113 (134)

Tala i parentes gjeld 2018.

Voss kyrkjelege fellesråd

Rådet si oppgåve er å styra felles økonomi og sjå til at kyrkjer og gravplassar vert teke godt vare på. Rådet er samansett av ein representant frå kvart sokneråd + ein kommunal representant.



Rådet samla utanfor Granvin kyrkje. Framme f.v.: Svein Tøsse, kyrkjeverje, Anny Forthun, May-Ruth Nâsen Neteland, leiar, og Anita Elisabeth Rambjørg. Bak f.v.: Jan Ivar Rødland, Arne Mosefinn, Hans-Erik Ringkjøp, og Ingunn Moseid.

Foto: Åslaug Styve Mjånes

Attgløymde ting

... frå tilstellingar i Vangskyrkja ligg i resepsjonen på kyrkjekontoret.

Når du føler uro i ditt indre

*Når du føler uro i ditt indre,
må du stole fullt og fast på Gud,
for han kan få deg til å skinne,
for det er et uskrevet bud.*

*Når du vandrer rundt her på jord
da skal du alltid smile,
for du har alltid med deg Gud,
det må du aldri tvile.*

*Det er mange fine ord
som er sagt på denne jord.
Det er at Gud er alltid med.
Ja, Gud, ja, han er stor.*

*For Gud sa:
Til jord er du kommet,
til jord skal du bli.
Og tiden imellom er at
du må følge den rette sti.*

*Når kraften er tilbake,
og feilen kanskje lært.
Da er det fint å ha en Gud
som er så veldig nær.*

*Når Jesus kommer til vår jord,
og alt blir veldig flott.
Da skal du også vite
at du får det veldig godt.*

*Hold hardt i håp.
Hold hardt i tro,
og et beger av vanskeligheter vil
falle.
Du kan ikke ha håp
viss du ikke har tro.
Men kjærligheten er over dem
alle.*

Eivind Yndestad

Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss herad. Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døpte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar.

T₁₀ Kristuskransen i Vangskyrkja



Kristuskransen er ein bønkrans med 18 perler med ulik form og farge. Kvar perle har sin løyndom og si tyding. Kyrkjene har vore fulle av born som har leika, undra seg, leita etter perler, lytta, prata, ete i lag og laga sin eigen Kristuskrans som dei tok med heim for å bruke den gjennom livet. Her er nokre av borna som har delteke og litt info om tre av perlene i kransen.



Dåpsperla er kvit, kvit som snø og kvit som dei kvite dåpskjolane. Dåpen er ei gåve, og me kan kvila i trua på han. Me kan når som helst ta i mot Gud sin godleik.

Borna la samanbretta bibelblomar i døypefonten, og då dei opna seg kom det fram eit bibelvers til kvar enkelt av dei.



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₁₀ og T₁₁ Kristuskransen i Granvin kyrkje

Ørkenperla har farge som sand. Det kan være vanskeleg å gå i sand. Perla minner oss om dette. Nokre gonger må me gå der det er vanskelig å gå. Nokre gonger må me gjere det me ikkje har så lyst til å gjere. Det er ikkje lett. Men etterpå kan vi kjenne at det er godt.

Det er ikkje alltid me likar – eller greier, å gjere det vi må.

Perlene måtte borna grave etter i sanden.



T₁₀ Kristuskransen i Vinje kyrkje



Nattperla. Dette er den svarte perla, perla for krise, sorg og død. Me kan miste noko som er viktig for oss. Me kan miste nokon me er glad i. Alle vil oppleve det. Den svarte perla minner oss på det. Nattperla er en invitasjon til hjelp i dei tunge stundene, den er ei

påminning om at Gud er med, også i det vonde. Denne må vera ein del av kransen, på same måte som dette er ein del av livet.

Borna laga tårer med saltvatn og trøsta kvarandre. Det er alltid godt med ein ven når ein er lei seg.



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Babysong i Vangskyrkja

Sju tysdagar no i vårsemesteret er 23 små og 23 store med på babysong i Vangskyrkja. Det er song, gråt, vogging, leiking, mating, bleiebyte, måltidsfellesskap og kos. Me har det skikkeleg triveleg, og forledra kjem med masse gode tilbakemeldingar. Babysongen skal vera enkel å vera med på for



nybakte mødre og fedre. Har du, eller nokon du kjenner lyst til å vera med neste gong? Sjå etter plakatar og annonser i lokalavisa. Dette er gode minne å ta med seg, både for små og store.



Karnevalsgudsteneste



Årets fyrste "Gudsteneste for små og store" hadde karnevalstema og mange hadde i det høve, kledd seg ut. Her var både cowboy, pikachu, spiderman, løve, klovnar og anna. Karneval er ein fest som markerar inngangen til fastetida. Etter gudstenesta slo me "katta ut av sekken", laga fastelavensris og koste oss med pizzabollar og kake.



I neste nummer reknar me med å kunne fortelje om:

T₁ Babysong på Oppheim

Også på Oppheim er babysongen godt i gang. Dette les me om i neste utgåve av Kyrkjenytt.

T₇ Påskefest

Sjuåringane vert inviterte til å leika gjennom påskedagane. Det vert svinging med palmegreinar og det vert vasking av føter. Det heile vert avslutta med påskefestgudsteneste for alle.
Vinje/Oppheim: Fredag 27. mars
Voss/Raundalen: Sundag 29. mars
Granvin: Sundag 29. mars
Evanger: Sundag 5. april
Invitasjon vert sendt sjuåringar i alle sokna.

T₈ Tårnagentdag

Mysteriet sin dag i kyrkja. Kyrkjeskattane har forsvunne. Åtteåringane er agentar og får oppdraget med å løyse mysteriet og å finne ut kvifor desse skattane er så viktige.
Fredag 6. mars i Oppheim kyrkje for Vinje og Oppheim.
Onsdag 11. mars i Evanger kyrkje.
Måndag 16. mars i Vangskyrkja for Voss og Raundalen.



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus rei inn i Jerusalem på eit esel, og blei hylla som ein konge.

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn vegen til den tomme grava!

Følg Jesus gjennom Jerusalem frå palmesøndag til påskedag.



Finn 5 feil

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00

VITSAR

– Pappa har byrja på bakekurs. I går lærte dei å bake bollar.
– Blei bollane gode?
– Kjempefine! Vi spelte bordtennis med dei heile kvelden.

Korleis finn myggen ut kva for blodtype eit menneske har?
Svar: Dei tar stikkprøver.

Samefolkets dag 6. februar

Av Arne Mosefinn

Samefolkets dag vart i år feira på Voss med heising av det samiske flagget utanfor Tinghuset, gudsteneste i Vangskyrkja og arrangement i regi av Kyrkjeakademiet i kyrkjetunet etter gudstenesta.

Her var det Alf Nystad frå Lakselv og dottera Laila, som no er busett på Voss, som hadde innlegg. Alf gav eit oversyn over samefolkets historie. Ein har funne arkeologiske restar etter samiske busetnader så langt attende som 4-4500 år f.Kr. i Norge, Sverige Finland og Russland. Dei var naturfolk som levde av fangst, fiske og bærplukking.

Dei første skriftlege kjeldene om samane er frå 6-700 e.Kr. På 8-900-talet har vi Ottars beretning frå ei reise han gjorde i nord. Og Snorre omtalar samar i sine skrifter frå 1200-talet.


Kyrkja var tidleg ute med å hjelpe samane med å ta vare på kulturen sin: I 1748 kom den første samiske gramatikken, i 1750 fekk dei laga ei ordbok, og i 1767 fekk dei katekisma på samisk.

Samane kom snart i fleirtal i Finnmark, og dette likte danskekongen lite. Eitt tiltak var å flytta fangar til Finnmark. Dessutan måtte alle myndigheitspersonar vera norsktalande.

I 1902 fekk vi den første jordlova. Den sa m.a. at den som skulle erverva jord, måtte ha norsk namn. Dette førte til at mange samar tok seg norske etternamn.

I skulen var det berre opplæring på norsk. Mange elevar byrja i skulen utan å kunna eitt ord norsk – og lærarane kunne ikkje samisk. Då vart det vanskeleg å læra. Viss ein snakka samisk, vart ein straffa.

Samane byrja å organisera seg tidleg på 1900-talet. 6. februar 1917 vart det første sametinget halde i Trondheim. Frå 1992 har denne datoen difor vorte gjort til samane sin nasjonaldag.



Då tyskarane brende Finnmark i 1944, førte det til at mange flytta frå områda og heimane sine. Då dei skulle flytta attende, fekk dei forbod mot dette pga fare for miner.

I 1959 stilte samar for første gong liste ved kommunevalet. Det var i Karasjok, og vart rekna som ein revolusjon den gongen.

Alta-utbygginga i 1971 vart ei kombinert miljøvern og samepolitisk sak, der samane sin etnisitet vart framheva. «Naturen er den viktigaste ressursen vi har, og den må bevarast. Vi må ikkje for ein kvar pris utnytte ufornybare ressursar,» seier Alf.

Opninga av Sametinget i 1987 vart ein stor festdag, også for Laila, som fekk oppleve at kongen kom på besøk. Ho snakkar samisk med dottera si i heimen – men og norsk og engelsk, sidan mannen hennar er frå New Zealand.



Frå arbeidet med å riva den gamle barnehagen på Bryn. Foto: Lars Trana

Kirkens Bymisjon på Voss

Av Arne Mosefinn

Ei avdeling av Kirkens Bymisjon har etablert seg på Voss – og så vidt kome i gang med nokre prosjekt. Me møter Lars Trana på kontoret deira i Bonangergata, og han fortel ivrig om det dei driv med og noko av det som skal koma.

-No er me i gang med I jobb-prosjektet. Det er eit aktivitets- og jobbtillbod for personar som av ulike grunnar fell utanfor det ordinære arbeidsliv. Førebils er det to dagar i veka – mandag og onsdag, men vil verta utvida til 3 dagar. Dei som deltek kjem hit til kontoret for frukost. Deretter reiser me ut og gjer ein jobb ein eller annan stad. Så kjem me inn at for eit varmt måltid.

Arbeidet kan vera alt frå hagearbeid og flyttehjelp til større oppgåver. Akkurat no held me på å riva den gamle barnehagen på Bryn. Det er mange som skaffar oss høveleg arbeid, men ofte får me hjelp frå kommunen til å finna oppgåver.

-Korleis klarer de å utføra så ulike oppdrag?

-Mange av dei som kjem til oss har hatt ulike jobbar før, og er ekspertar på mange felt. Det betyr at me som er tilsette ikkje treng å ha alle kvalifikasjonar.

-Skattkammeret er eit anna prosjekt me arbeider med. Det er ein utlånssentral for friluftsutstyr. Me skal

halda til med den i andre etasje i Vossabadet. Då er den lett tilgjengeleg og synleg for alle. Me reknar med å koma i gang med den rett etter påske. Då vil det i første omgang verta utleige av sommautstyr, som kajakkar, fiskestenger, sykklar o.l.

-Ein slik utlånssentral gjer at alle skal ha like mogelegheiter til å skaffa seg utstyr dei treng for å driva friluftsliv. Det skal ikkje vera flaut å låna utstyr. Så får ein høve til å testa ut om dette er noko for meg. Noko utstyr vil høva å bruka i barnebursdagar. Då kan dei arrangera bursdagsselskap i/ved Vossabadet.

-Dette kan de vel ikkje driva berre med to tilsette?

-Nei, me er heilt avhengige av frivillige for å få dette til. Me har allereie nokre frivillige, men treng fleire. Dessutan er det mange som me kan samarbeida med, Røde Kors, Fotballklubbern, Frelsesarmeen, kommunen og vinterdestinasjonane. Me har fått avtale med Kiwi på Voss. Der får me mat som er i ferd med å gå ut på dato. På den måten kan me servera mat til dei som arbeider i jobb-prosjektet.

-Midlar som vart samla inn gjennom TV-aksjonen for eit par år sidan vert brukt til denne satsinga på Voss. Kirkens Bymisjon sin visjon er at alle menneske skal møtast med respekt. Me har mange tankar om framtida og kva me skal driva med.



Kyrkjekaffi i Vangskyrkja

Soknerådet har ei nemnd som lagar kaffi med noko attåt til kyrkjekaffien etter gudstenesta.

Det hadde vore bra med litt fleire i nemnda, så kan du tenkja deg å vera med er du velkomen til det.

Gje melding til diakon Sigrid på Kyrkjekontoret eller til Marit Helleve tlf. 95076155.



Besøkstenesta

Det er stort behov for nye besøkarar. Har du litt tid til overs? – nokon treng deg! Gjer noko meningsfylt i fritida di - bli ein besøksven!

Du får: kurs, oppfølging og fagleg påfyll.

Ta kontakt med diakon
Sigrid Djkastein Mala tlf.47849134
Sm435@kyrkja.no

Geir Undheim

Kva er bra med Voss – og kva kan bli betre?

Her er så mange høve til å driva med friluftsliv, enten det er å gå på ski på fjellet eller å sykla. Eg gler meg over nærleiken eg finn til naturen. Voss er ein passeleg stor stad å vera, der ein lett får oversikt og ein finn det ein treng i det daglege. Likevel er det kort veg med toget til Bergen eller Oslo om ein vil til ein større by.

Vossingar har vore flinke til å ta vare på det tradisjonelle, men er også opne for nytenking og utvikling. Ta t.d. ekstremsport.

Eg opplever ikkje noko særleg negativt ved Voss. Skulle det vera noko, måtte det vera tidvis kritiske innlegg i lokalavisa, der folk ikkje alltid er like saklege.

Kva er viktige verdiar for deg?

Det er ikkje alltid like lett å sette ord på kva verdiar som er viktigare enn andre, men så er det nokon som styrer meir mine valg enn andre. Det å vera ein del av eit fellesskap er viktig. Det kan vera familien, menigheita, jobb-fellesskapet. Eg trur alle lengtar etter å vera ein del av eit fellesskap, og oppleva at nokon bryr seg om deg og er glad for at du er til.



Fødd: 1989

Bustad: Rogne

Yrke: Pedagogisk leiar i barnehage

Familie: Har kjæreste

Interesser: Friluftsliv, ski og sykling i terreng og på landeveg

Kva tenkjer du om kyrkja sin plass i lokalsamfunnet?

Kyrkja er kristne menneske som er tilgjengelege - ikkje berre ein bygning. Kyrkja er ein integrert del av samfunnet og har sin plass der folk er – i arbeidsliv, idrett, organisasjonsliv. Det er viktig at kyrkja slik eg definerer den ser behovet som folk treng, og er tilstades i folk sine liv.

Kva betyr trua for deg?

Tryggleik! Eg veit at uansett korleis eg har det eller kor eg er, så ser Gud meg. Ikkje det at han fiksar alt, men eg kjenner det likevel trygt.

Eg er med i Salt Voss. Der har vi gudstenester annankvar sundag. Men like viktig er smågruppene – mindre fellesskap – der vi kan snakka fortruleg saman om tru og liv. Her kjenner eg meg trygg. Eg veit at alle vil meg vel – og eg vil dei andre vel. Her kan vi be i lag – for kvarandre og for det som skjer ute i verda. Her les vi Bibelen saman og let den tala til oss.

Kven vil du utfordra til samtale neste gong?

Eg utfordrar Solbjørg Kvamme.

Grøn kyrkjelyd

Kle deg grøn til fest

Kva med å bli ei grøn stjerne på festen? Feiringa blir kanskje endå betre når du kler deg meir miljøvennleg.

Av Knut-Erik Helle, Fremtiden i våre hender

Visste du at kleda dine skapar det fjerde største bidraget til miljø- og klimafotavtrykket ditt - berre slått av bustad, mat og transport? Her er våre beste råd for å gjera finstasen meir miljøvennleg.

1. Leig finstasen.

Fleire butikkar over heile landet leiger ut smoking, kjole og kvitt, og sjakett til oss menn og. Ta eit søk på nettet og finn ein stad å leiga klede der du bur.

2. Kjøp brukt.

Å kjøpa brukt kan spara planeten for miljø- og klimabelastninga av å laga nye ting. Hå Fretex og på Bytebua er det mykje lite brukte festklede som er lagt ut for sal. Kva er betre enn å få dei ut av skåpa og gje dei festen dei vart laga for? Pass på at kleda har blitt oppbevart rett og godt. Bruk høvet til å selgja eller gje bort klede du ikkje brukar lenger.

3. Gå på eller arranger bytefest.

Mange organisasjonar – også her lokalt - arrangerer bytefestar for klede, og ein kan også invitera vener og kjende til ein bytekveld. Kva er betre enn å få rydda skåpet for klede du ikkje brukar, og få noko du kan bruka istaden, og ikkje minst gjera noko sosialt ut av det?

4. Sy om eller få reparert.

Det mest miljøvennlege festantrekket er det du alt har i skåpet. Å sy ut og inn kleda du har kan vera ei smal sak. Vurder om det er nok ekstra stoff i saumane for utsyng. Kanskje noko omsyng kan gje

nytt liv til ein kjole? Å byta knappar og glidelåsar med meir er ofte enkelt å få fiksa. Repairable.no let deg betala på nett og finn beste godkjende skreddar eller skomakar til deg. Tavarepadetduhar.no har kart over skreddarar, skomakarar og andre reparatørar.

5. Vel antrekk som er lett å kombinera.

Å velgja festklede som let seg kombinera lett med andre plagg eller er laga for å oppfylla fleire festfunksjonar, er fornuftig. Då kan kleda bli brukt ved fleire høve og redusera trongen for mange ulike plagg. Tillegg som sjal, slips, lommetørkle i brystlomma kan, saman med sko, skjorte og vest, bidra til at ein dress eller kjole kan tilpassast høvet. Sjekk nettet for inspirasjon!

6. Ta godt vare på klede og sko.

Børst forsiktig, tøm eventuelle lommer og heng/set til utlufting. Bruk eventuelt ein (tekstil)dampar og ta einskildflekkeklær så raskt som råd. Oppbevar kleda i ein tekstilpose av naturmaterialar som gjev betre lufting enn plast og ikkje tek til seg uønska lukt. Gje finskoa ein puss og syt for at dei er reine. Skit kan skada skinnet over tid. Hugs også å smyrja inn det tynne skinnet på innsida av skoa med nøytral skokrem. Det er tynt skinn som lett tar skade viss det får turka ut. Sørg for at skoa held på forma med ei skoblokk.

Her er det plass til annonsa di! Ta kontakt på mail: kyrkjebladet@voss.kyrkja.no	 VOSS PRENTEVERK MARKNADSFØRING - VISUELL PROFIL - WEBDESIGN TRYKKSAKER - MERKEVAREBYGGING ☎ 56 52 04 40 ✉ post@prenteverket.no	 Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 - med tilbod til liten og stor
 Anleggsgartnar og trepleiar GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no	Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16	Din rørleggjar i sentrum <i>Snakk med</i> Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss
 Voss Energi -rein vossakraft!	O.L.KYTHER AS entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	 Azets Insight AS avd. Voss Regimentsvegen 3, 5705 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourcing
 Voss Blomster handel Tlf 56 51 31 96	KIWI mini pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
VI ER HER. ALLTID.  KIRKENS SOS 22 40 00 40	MYRK DALEN myrkdalen.no	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar VIRKE GRAVFERD Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67
SELSKAP I HMV VOSS - KONSERNET HMV Bilsenter AS tlf. 56529150 HMV Maskin AS tlf. 56529130 HMV Servicestasjon AS tlf. 56529180	GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med: STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099	 JOKER GRANVIN Hardangervegen 5736 Granvin Tlf. 56 52 54 00 Velkommen til en hyggelig handel
Nordhordland Begravelsesbyrå AS Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no <i>Stort utvalg i blomster og gravminne!</i> KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70 <i>Me går saman med deg heile vegen</i>	 VOSS SPAREBANK - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - 56 52 03 00	 VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS <i>Vi ordnar alt vedrørende dødsfall. Kransar, oppsatsar og bærebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.</i> Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypte



Voss Sokn

- 26.01 Tuva Teigen
Thea Gjeraldstveit
- 02.02 Anna Bækken Molde
Synva Bjørke Midtbø
Silja Møen Opheim
Ida Hystad Ulrich
Lavrans Sleen Amundsen
- 16.02 Hedda Klette
Une Tvilde Carlsen
Iben Drivenes Tvilde
- 27.02 Mia Sokhna Solvi
Noah Solvi Rauboti
- 01.03 Ingeborg Kvalfoss Istad
Nora Bryn Flæte
Ola Nedkvitne Flatekvål

Evanger sokn

- 16.02 Sigrid Andersen Styve

Gravlagde



Voss Sokn

- 21.01 Ingjerd Kyte, f. 1934, d. 08.01
- 21.01 Bjørg Hilda Flatlandsmo, f. 1927, d. 06.01
- 23.01 Dagny Kristina Fjose, f. 1927, d. 09.01

- 23.01 Ingjerd Byrkje, f. 1930, d. 07.01
- 24.01 Åse Sigrun Karin Norheim, f. 1930, d. 12.01
- 24.01 Sigmund Leidal, f. 1933, d. 13.01
- 28.01 Anna Målfrid Hauge, f. 1938, d. 19.01
- 31.01 Bergljot Horten, f. 1923, d. 26.01
- 31.01 Ragna Kronstad, f. 1933, d. 24.01
- 04.02 Arne Opheim, f. 1926, d. 27.01
- 06.02 Celina Moe Baartvedt, f. 2000, d. 28.01
- 07.02 Bjørg Andrine Gjetle Hellebust, f. 1937, d. 03.02
- 07.02 Rune Mikal Soltvedt, f. 1957, d. 27.01
- 18.02 Marta Helgaset, f. 1925, d. 11.02
- 25.02 Margit Tvedten, f. 1931, d. 18.02
- 28.02 Agnes Tøn, f. 1931, d. 20.02

Evanger Sokn

- 07.02 Ragnhild Hagen, f. 1947, d. 28.01

Vinje Sokn

- 24.01 Ragnhild Skjervheim, f. 1927, d. 17.01

Oppheim Sokn

- 03.03 Ivar Stalheim, f. 1926, d. 24.02

AKTIVITETSKALENDER

Kyrkjeakademiet:

Sundag 19. april. «NegronSpirituals - arven, fridommen, krafta, lengten og gleda» v/Tom Jarle Istad Kristiansen og VossaGospel. Vangskyrkja kl. 1800.

Seniortreffa:

Tysdag 21. april. Lina Sandell i ord og tonar. Ved Marit og Per Helleve. Kl. 1200 i Vonheim.

T-dagar:

T7 påskefest: Vinje/ Oppheim: fredag 27. mars.
Voss/ Raundalen: søndag 29. mars.
Granvin: søndag 29. mars.
Evanger: søndag 5. april.

**Med atterhald om endringar. Sjå: <http://voss.kyrkja.no>*

GUDSTENESTELISTE

Vangskyrkja:

29.03. kl. 1100 Gudsteneste. Jone Knudsen.
Nattverd. T7. Takkoffer til Fasteaksjonen.
04.04. kl. 1300 Dåps gudsteneste. Knudsen.
05.04. kl. 1100 Jazzmesse. Knudsen og Hellesøy.
VOK deltek. Takkoffer til Misjonsprosjektet.
09.04. kl. 1930 Nattverdsgudsteneste. Hove.
Takkoffer til Kirkens SOS Bjørgvin.
10.04. kl. 1100 Langfredagsgudsteneste. Hove.
12.04. kl. 1100 Høgtidsgudsteneste. Hove. Dåp.
Takkoffer til Misjonsprosjektet.
13.04. kl. 1900 Tomasmesse. Hove. Nattverd.
Takkoffer til Stiftelsen Kirkelig Ressurssenter.
19.04. kl. 1100 Gudsteneste. Hellesøy. Dåp.
Nattverd. Takkoffer til Norges Kristelige Studentforbund.
26.04. kl. 1100 Diakonigudsteneste. Hove m.fl.
Dåp. Takkoffer til Kirkens Bymisjon Bergen.
02.05. kl. 1000 og 1200 Konfirmasjon. Hove og Skjeldal. Takkoffer til konfirmantarbeidet.
03.05. kl. 1000 og 1200 Konfirmasjon. Hove og Skjeldal. Takkoffer til konfirmantarbeidet.
09.05. kl. 1100 Dåps gudsteneste. Hove.
10.05. kl. 1000 og 1200 Konfirmasjon. Hove og Skjeldal. Takkoffer til konsfirmantarbeidet.
17.05. kl. 1100 Festgudsteneste. Hellesøy. Takkoffer til Norges kristne arbeideres forbund.
21.05. kl. 1100 Gudsteneste på Helgetorsdag.
Hove. Takkoffer til Acta – barn og unge i Normisjon

Evanger kyrkje:

05.04. kl. 1700 Familiegudsteneste. Kvamsøe. T7 Kyrjekaffi.
26.04. kl. 1100 Gudsteneste. Tomren. Nattverd.
17.05. kl. 1230 Festgudsteneste. Tomren.
21.05. kl. 1100 Konfirmasjon. Kvamsøe.

Bolstadøyri kapell:

29.03. kl. 1100 Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
12.04. kl. 1100 Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Redd Barna. Kyrjekaffi.
10.05. kl. 1100 Gudsteneste.
17.05. kl. 1030 Festgudsteneste. Tomren.

Oppheim kyrkje:

12.04. kl. 1100 Høgtidsgudsteneste. Torsvik.
Nattverd/dåp. Takkoffer til Kirkens fengselsarbeid.

03.05. kl. 1930 Gudsteneste. Torsvik. Nattverd.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17.05. kl. 1200 Festgudsteneste. Torsvik.
Takkoffer til Strandaklang.

Vinje kyrkje:

29.03. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik. Nattverd/dåp. Takkoffer til Israelsmisjonen.
10.04. kl. 2000 Påsken i ord og tonar. Andakt v/ Torsvik. Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid.
19.04. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik. Nattverd/dåp. Takkoffer til Vossestrand omsorgstun.
17.05. kl. 0945 Festgudsteneste. Torsvik.
Takkoffer til Strandaklang.

Jordalen kapell:

10.05. kl. 1100 Gudsteneste. Torsvik. Nattverd.
Takkoffer til Sjømannsmisjonen.

Helgatun sportskapell:

09.04. kl. 1930 Nattverdsgudsteneste. Torsvik.
Takkoffer til Helgatun.

Raundalen kyrkje:

09.05. kl. 1100 Konfirmasjon. Torsvik og Skjeldal.

Mjølfjell kapell:

12.04. kl. 1000 Høgtidsgudsteneste.

Brekkestølen:

10.04. kl. 1200 Påskeandakt.

Granvin kyrkje:

29.03. kl. 1600 Gudsteneste med T7. Tomren. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
09.04. kl. 1100 Gudsteneste. Tomren. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon Voss.
10.04. kl. 1900 Pasjonsgudsteneste. Tomren.
30.04. kl. 1800 Samtalegudsteneste med konfirmantane. Haaland.
10.05. kl. 1100 Konfirmasjon. Haaland. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
17.05. kl. 1100 Festgudsteneste. Dåp/nattverd. Takkoffer til trusopplæringa.

Gule datoar er gudstenester i påsken